Sunnfjord kommune
Naustdal skule

Vår ref.:	**Saksbehandlar:**	**Dato:**
25/6674-8	Gunn Marit Haugsbø	29.09.2026

Referat frå møte SMU 15.06.2026

Møtedeltakarar:

- Aksel, leiar elevråd 5-7
- Lukas, elevråd 5-7
- Nora, leiar elevråd 8-10
- Kjersti Instebø Garfors, leiar FAU
- Kjetil Veien, nestleiar FAU
- Laila Bosdal-Thorsen, kontaktlærar elevråd 5-7 og representant tilsette
- Bente Helen Ullaland, kontaktlærar elevråd 8-10 og representant tilsette
- Turid Gjesdal, representant andre tilsette
- Gunn Marit Haugsbø, rektor

Sak nr 1: Orienteringar
Rektor orienterte kort om tilsyn for miljøretta helsevern og oppfølging av instruks for Sunnfjord kommune. Ressursmodell er endre, noko som medfører reduserte ressursar på dei fleste skulane. For Naustdal skule utgjer reduksjonen om lag fire stillingar.

Sak nr 2: Råd for sunn skulemat ved Naustdal skule
Skulemiljøutvalet drøfta utkastet til Råd for sunn skulemat ved Naustdal skule. Synspunkt frå elevrådet vart lagt fram som ein viktig del av drøftinga.
Elevane opplever at det over tid har vore mykje merksemd på sunn niste ved skulen, og meiner dette har hatt positiv effekt. Dei aller fleste elevane har gode og sunne matpakkar, og elevane peika også på at gode matpakkar kan inspirere andre.
Samtidig opplever elevane delar av utkastet som for strengt. Sjølv om dokumentet er formulert som råd, kan konkrete avgrensingar knytte til mellom anna type mat, lett bli oppfatta som reglar. Elevane viste mellom anna til syltetøy, godteri på siste skuledag og tursjokolade som døme på område der råda kan bli for detaljerte.
Skulemiljøutvalet var oppteke av at dokumentet skal vere ein rettleiar med råd og oppmodingar – ikkje eit regelverk. Det skal ikkje vere ei oppgåve for lærarane å kontrollere eller handheve innhaldet i elevane sine matpakkar. Skulen bør i staden arbeide positivt og haldningsskapande med sunn og variert mat, mellom anna gjennom informasjon og merksemd rundt gode matvanar ved skulestart.
Det vart også understreka at føresette har hovudansvaret for kva elevane har med seg av mat. Elevane har ulike behov, og enkelte kan på grunn av allergiar, utfordringar med matinntak eller andre forhold ha behov for annan mat enn det som følgjer dei generelle råda.
Utvalet drøfta om det kan vere tenleg med noko ulike råd for 1.–4., 5.–7. og 8.–10. trinn. Det var støtte til at elevane ved enkelte særlege høve, som siste skuledag før jul og sommarferie og på enkelte tur- og skidagar, kan ha med ei avgrensa mengd søtsaker. Det vart peika på at ei avgrensing i mengde er meir føremålstenleg enn ei avgrensing i kroner.

For alle hovudsteg bør utgangspunktet vere at elevane har med seg ei god og næringsrik niste, og at eventuell sjokolade, godteri eller søt drikke kjem i tillegg til – og ikkje i staden for – vanleg mat.
Elevane gav samtidig uttrykk for at det reviderte utkastet er ei forbetring samanlikna med tidlegare forslag.
Skulemiljøutvalet peika også på at prosessen fram mot utkastet kunne vore betre, og at innspela og kritikken frå elevane må takast på alvor i det vidare arbeidet. Elevmedverknad bør vere ein tydeleg del i utforminga av råd. Elevane peika vidare på at tips til enkel og sunn niste kan sjåast i samanheng med skulemjølkordninga og mattilbodet i kantinedrifta, gjennom arbeidslivsfag, ved skulen.

Referent

Gunn Marit Haugsbø
einingsleiar